



Seim-IL v/ trener Erik Bertelsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2301 - 17/1840

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

19.01.2017

## Svar vedrørende stenging av Nordhordlandshallen

Takk for mail vedrørende Nh hallen og uteanlegg.

Kommunen gjennomfører i januar skifte av lysanlegg i både parketthall og fotballhall. Bakgrunnen er både å få på plass lys som tilfredsstillende krava til idrettshallar, samt å få ned straumforbruket.

Vi forstår at val av tidspunkt kan verka noko merkeleg. Bakgrunnen er at Nh hallen er mykje brukt heile året, ikkje minst sidan hallen også er brukt til kroppsøving for Knarvik vgs og Knarvik ungdomsskule. I mai og juni er det arrangement som ikkje kan avlysast, 17. mai og avslutningsfestane for avgangselevar frå dei to skulane. Juli og august har vi open hall, eit høgt prioritert tilbod fordi det blant anna er viktig for barn som av ulike grunnar ikkje får reist på vanleg ferie. Første helga i september går Knarvikmila, seinare på hausten den årlege utdanningsmessa. Tidspunktet vart valt fordi desse vekene er dei som gir minst negative konsekvensar for store arrangement.

Idrettsrådet og alle idrettslaga har vore orientert om stenginga god tid i førvegen.

Når det gjeldt uteanlegg, brøytar vi så langt eigedomseininga har kapasitet. Per i dag vil det sei at det i hovudsak er sentralanlegget i Knarvik som vert brøyta fast. Dersom idrettslaga ønskjer å engasjera seg for å auka kapasiteten på brøyting, anbefalar eg at de gjer det via idrettsrådet.

Med helsing

Atle Vaage

fagansvarleg idrett og grønt

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Mottakarar:**

Seim-IL v/ trener Erik Bertelsen